



Berekrafts- arbeid 2023

ERVIK GROUP AS



Innholdsliste

ERVIK-KONSERNET

Utsegn frå administrerande direktør	4
Forretningsstrategi – ei drift med omsorg for naturressursane.....	5
Ervik-konsernet – eigarskap i Ervik Group AS.....	6
Organisasjonskart.....	7
Fiskeri og drift.....	8
Produksjon og forsyning.....	9
Sal av sjømat.....	10
Forsking og framtid.....	11
Interessentar.....	12

BEREKRAFTSMÅL

Våre berekraftsmål og vårt ansvar – Nature is our buisness.....	14
Berekraftsmål 2 – Utrydde svolt.....	15
Berekraftsmål 8 – Anstendig arbeid og økonomisk vekst.....	16
Berekraftsmål 12 – Ansvarleg forbruk og produksjon.....	17
Berekraftsmål 13 – Stoppe klimaendringane.....	18
Berekraftsmål 14 – Livet i havet.....	19

KLIMA OG MILJØ

Omsorg for naturressursane.....	21
Innovasjon og framtid	22
Innovasjon og framtid	23
Utslepp av klimagassar.....	24
Miljø- og andre sertifiseringar.....	25
Avfallshandtering.....	26
Fishing for litter.....	27
Mattryggleik og sporing.....	28
Fiskevelferd.....	29
Ein trygg og god arbeidsplass.....	30
Helse, miljø og sikkerheit.....	31
Krav til leverandørar og tilsette.....	32

Ervik-konsernet

Som leiande aktør innan autolinefiske er vi pådrivarar for eit berekraftig fiskeri med bruk av skånsame fangstmetodar med låg miljøpåverknad. Videre er ei sporbar verdikjede både opp- og nedstraums sjølsagt for eit sjømat-konsern.

Utsegn frå Administrerande direktør Robert Ervik

“Eg tok over som administrerande direktør i oktober 2021 og som andregenerasjon av det stolte familieselskapet Ervik Group AS, er eg opptatt av å bere selskapet vårt vidare i tråd med desse grunnprinsippa:

- Lokal verdiskaping
- Å forvalte naturressursar slik at komande generasjonar kan nytte dei same godane som oss
- Minimere fotavtrykk på miljøet
- Kvalitet og stabilitet

Vår forretningsfilosofi er å vere ein nytenkande aktør innan fiske og fangst der vi stabilt leverer varer av høg kvalitet i samsvar med trygg forvaltning av fiskeressursar. Selskapet ser moglegheiter framfor avgrensingar. Vi jobbar difor aktivt for å halde miljøavtrykket lågt, produktkvaliteten høg, samt med å nytte restråstoff til ytterlegare verdiskaping. Dette fokuset vil alle våre verksemdar, våre kundar og ikkje minst framtidige generasjonar dra nytte av.”



Forretningsstrategi – ei drift med omsorg for naturressursane

Ervik-konsernet har ein forretningsstrategi basert på innovasjon saman med stabilitet. Vi skal utvikle oss i tråd med det grønne skiftet og fokusere på moglegheiter framfor avgrensingar. Optimal ressursbruk, klimavenlege nyvinningar samt tett samarbeid med styresmakter, bransjeaktørar, leverandørar og kundane våre er avgjerande for å nå måla våre om å bidra positivt for klimaet og naturen generelt. Vi er i tillegg fokusert på sosiale tilhøve og levande lokalsamfunn rundt oss. Moderne, trygge og komfortable havgåande fartøy der ein tek i bruk ny teknologi er på konsernets agenda til ei kvar tid.


I 2023 vart det gjennomført ei intern vesentlegheitsanalyse for å kartleggje konsernet sin påverknad på omverda, samt miljøet si evne til å påverke verksemda sin finansielle status. Ut i frå denne analysen trakk Ervik-konsernet fram 10 ulike tema som vesentlege:

- Fiskevelferd
- Mattryggleik
- Helsefremmande produkt
- Klimavenleg fiskeri og fartøydrift
- Påverknad på klima og miljø
- Avfallshandtering
- Trygge arbeidsplassar
- Lokal verdiskaping og samfunnsutvikling
- Innovativ og framtidsretta forretningsmodell
- God forretningsetikk



Ervik-konsernet – eigarskap i Ervik Group AS

Ervik Havfiske Holding AS representerer trygge arbeidsplassar og har eit stort fokus på lokal verdiskaping gjennom bruk av lokale leverandørar, der fleire slike verksemder er starta og framleis eigd av Ervik-gruppa. Fokuset for denne rapporten er dotterselskapet og verksemda til **Ervik Group AS**, samt eit utval av hennar dotterselskap, mellom anna Ervik Supply AS, Westmek AS, Ervik Seafood AS og Ervik Marine Research AS. Ervik Group AS (tidlegare Ervik Havfiske AS) har eit styre samansett av fem medlemmer. Styret er tett på konsernet sitt eigarskap, drift og forretningsstrategiar, og er til ein kvar tid godt orientert om verksemda sin økonomiske situasjon og organisering.



Ervik Havfiske Holding AS

97,5% ERVIK OCEAN AS	100% VESTKAPP EIENDOM AS
	100% STAD HOTELL AS
100% STATTAHV AS	
	ANTARTIC FISHERY AS 33%
50% Argos Froyanes LTD	
50% GRYTVIKEN LTD	
49% STORMNESS BAY LTD	

69,398% FRØYANES SENIOR AS	100% VESTKAPP AS
100% VESTKAPP FISKERISELSKAP AS	
100% CARISMA VIKING AS	
100% FRØYANES JUNIOR AS	
100% STADT HAVFISKE AS	
51% FRØYANES AS	
48% HUSØY FISKERISLSKAP AS	
100% ROLF ASBJØRN AS	
SENJEN FISKERISELSKAP AS	

Ervik Group AS


100% ERVIK SUPPLY AS
87,50% WESTMEK AS
100% ERVIK MARINE RESEARCH AS
60% VESTKAPP HANDEL AS
51% BARENTS SEA INVEST AS
100% ERVIK SEAFOOD AS
100% MÅLØY TERMINALEN AS
50,10% VINLAND INVEST AS
50% OPEN WATER AS
25% P .STAVE AS
100% ERVIK REKNESKAP AS
51% DREYER KVALHEIM AS

Fiskeri og drift

Ervik Group er heileigd av **Ervik Havfiske Holding** og er konsernets operatørselskap. Ervik Group er ansvarleg for drift av autolinefartøy og hadde i 2023 åtte norske linebåtar i si portefølje. Ervik Group tilbyr også tilsvarende driftsavtaler til eksterne reiarlag. Dette kan utover ordinær drift inkludere kvalitetskontrollar, verkstadstenester, oppfølging av ulike sertifikat, øvingar, mannskapsoppfølging, lønning og rekneskapstenester, samt marknadsføring og sal/eksport av fisk. Ervik Group har 21 dotterselskap som ser til at konsernet i sin heilskap kan tilby eit allsidig og breitt spekter av kompetanse innan fiskerisektoren.

Linefiske er ein skånsam måte å drive fiske på då det i stor grad er selektivt med omsyn til art og fiskestorleik. Dette er bra for forvaltinga av fiskeressursane, og gir høg produktkvalitet då ein handterer kvart individ skånsamt. Vidare gjev linefiske liten påverknad på havbotnen og eit relativt lågt klimagassutslepp samanlikna med mykje anna fiskeri. Ervik Group driv hovudsakleg eit målretta linefiske mot torsk, hyse, lange, brosme og steinbit i Nord-Atlanteren. Sjøfrosen linefangst er hovudproduktet, og i 2023 leverte dei åtte Ervik-eigde fiskefartøya i Noreg over 10 750 tonn høgkvalitetsprodukt, hovudsakeleg sløyd og hovudkappa fisk.

Våre moderne linefartøy opererer i store havområde, noko som gjer miljømerking svært viktig, og noko vi jobbar kontinuerleg med. I tillegg satsar Ervik-konsernet på fangst av snøkrabbe. Fartøyet Lyngholm vart i 2021 bygd om for fangsting av denne arten. I januar 2024 vil eit nytt snøkrabbe- og rekefartøy, Frøyanes, vere klart.



Produksjon og forsyning

Westmek AS prosjekterer, teiknar og monterer installasjonar i rustfritt, syrefast stål og aluminium på båtar. Selskapet held til i Borgundsvåg på Stadlandet, der dei har eigen verkstadshall med kontoravdeling, samt lager og produksjonshall. I hovudsak produserer selskapet utstyr for handtering av fisk om bord i havgåande fartøy, både internt for Ervik-konsernet og eksterne fartøy. I tillegg gjennomfører Westmek klassearbeid i samarbeid med Det Norske Veritas, Bureau Veritas og Sjøfartsdirektoratet. Vidare leverer selskapet tenester til landbasert industrianlegg, samt oppdragsarbeid for oppdrettsnæringa i regionen.

Ervik Supply AS vart etablert for å samordne innkjøp av blant anna agn, emballasje og anna forbruksmateriell til linefiske, samt for å kunne dra nytte av gode leverandøravtaler og tilby samla forsyningar til ulike destinasjonar i inn- og utland. Gjennom dette kortar ein ned landligge for fiskefartøya ved å levere alt utstyret samla på kaia. Ervik Supply har bygd opp eit stort hovudlager med line, krok, anna fiskeutstyr, emballasje og vaskeutstyr. I tillegg driftar Ervik Supply eit fryselager med ein kapasitet på 500 Mt, der agn oppbevarast før sal til kundar.

Vidare har selskapet ein butikk som fører verktøy, maling, reservedelar og anna forbruksmateriell egna for båt. Som tilleggstenester tilbyr Ervik Supply transportoppdrag. Utstyr kan fraktast med Ervik Supply sin eigen lastebil eller dei kan utføre arbeid med mobilkran med ein løftekapasitet på 40 Mt. Dei har også bil for transport av mindre varer, og kan vere behjelpelige med lagerplass ved behov. Samla sett gjer tette samarbeid med produsentar og importørar det mogleg for Ervik Supply å tilby raske leveransar og gunstige prisar til sine kundar.



Sal av sjømat

Ervik Seafood AS er ei sjømatverksemd som driv sal av produkt av høg kvalitet i den globale marknaden. Selskapet fokuserer på linefanga fisk frå Ervik-konsernets flåte, men tilbyr også trål- og garnfangst til sine kundar. I 2023 selde Ervik Seafood sine produkt for om lag 214 MNOK. Nysatsinga på havfrosen snøkrabbe og frosne reker marknadsført under eige brand vil utvide sortimentet til Ervik Seafood ytterlegare.

Kvalitetsarbeidet knytt til fangstane er organisert under Ervik Seafood. Fisk inspiserast og ein tek prøver for kvalitetskontroll i eigne lokale godkjende av Mattilsynet. Kvalitetsfokuset strekk seg vidare og Ervik Seafood investerer i verdikjeda og infrastruktur relatert til sjømat. Ervik Seafood eig Måløyterminalen AS, som driv fryse- og tørrgodsterrminal sentralt plassert i Måløy hamn, noko som sikrar kontroll over lagring og fyrste del av logistikk-kjeda til produkta våre. Det er avgjerande for alle fiskeri- og sjømatverksemdar at salet av produkta ikkje vert hindra av flaskehalsar i logistikken etter landing. Måløy er eit av dei sentrale knutepunkta innan sjømat-logistikk i Nordsjøbassenget, og ei sentral hamn for Ervik-gruppa sin flåte.

Ervik Seafood er vidare medeigar i Vinland Invest AS, eit aksjeselskap som har ein stor eigarpost i fiskeforedlingsfabrikken Openwater Seafood LLC som er lokalisert i Orlando, Florida. Fabrikken kom i drift i 2020, og fokuserer på foredling av den sør-atlantiske djupvassfiske patagonisk tannfisk. Sidan 2021 har det også vore produsert kvitfiskprodukt frå fiskeriet i Barentshavet og Nordsjøen. Ervik Seafood bidreg som råstoffleverandør av kvitfisk og med marknadsutvikling for verksemda i Florida.



Forsking og framtid

Ervik Marine Research AS (EMR) er eit forskings- og utviklingsselskap lokalisert på Måløyterminalen. Ervik Group tok i november 2022 over konkursbuet etter stiftinga Måløy Marine Ressurssenter og la dette inn i nyetableringa EMR. Noko av prosjekt-porteføljane, samt to forskarar vart med over i det nye selskapet. Verksemda er heileigd av Ervik Group, men har ei uavhengig leiing og er i så måte til for heile den marine næringa.


EMR tilbyr oppdragsforskning innan marinbiologi, økologi, velferd, produktutvikling og kvalitet innan fiskeri og sjømat. Med tettsamarbeider med store og kjende forskingsmiljø som Nofima, Havforskningsinstituttet og Universitetet i Oslo driv EMR interne, lokale, nasjonale og internasjonale prosjekt. I dag består staben i EMR av fire forskarar med kompetanse innan marin,- fiskeri- og mikrobiologi samt veterinærmedisin. I tillegg til laboratorietenester på land vil EMR kunne tilby dette om bord i det nye fartøyet Frøyanes der EMR vil disponere eit spesialbygd laboratorium . Laboratoriet vert utstyrt med ein biobank (-80°C frysar for preparat) og teleoverført deling av bilete og data, samt konferansemoglegheiter. Det vert lagt til rette for innsamling og preparering av prøver, identifisering av artar, men vidare spesifikk utrustning vert prosjektbasert. EMR vert saman med Frøyanes ein samarbeidspartnar med unik tilgang til havet og ein attraktiv forskingspartnar der langsiktige avtalar alt ligg føre.

Då Frøyanes vert eit kombinert fiskefartøy for reke og snøkrabbe, eit nytt satsingsområdet for Ervik-gruppa, er det eit sterkt ønske om å bidra til god forvaltning av desse bestandane og å oppnå høg kvalitet på produkta. EMR leiar fleire prosjekt som omhandlar produktkvalitet og utnytting av restråstoff, samt betra fangsteffektivitet som bidreg til eit lågare energiforbruk. Vidare har EMR andre prosjekt som omhandlar sirkulærøkonomi for lineflåten og velferd ved fangst av villfanga fisk. I tillegg er EMR partner i det verdsomspennande prosjektet Earth Biogenome Project som går ut på å kartlegge genane til alle levande organismar i heile verda. Ervik Group si satsing på forskning gjennom EMR må sjåast som eit viktig ledd i konsernet sin berekraftsstrategi.



Våre interessentar

Openheit, god forretningsetikk og god kommunikasjon med konsernet sine interessentar er svært viktig og heilt avgjerande for oss i Ervik-gruppa. Samarbeid internt og eksternt er avgjerande for å finne dei beste løysingane på nye og gamle utfordringar. Ervik-konsernet er stort og har fleire ulike aktivitetar som kan påverke våre mange interessentar på ulike måtar. Vidare har interessentane ulike berekraftsmål dei reknar som viktige. Difor skal ei framtidige vesentlegheitsanalyse involvere interessentane i stor grad. Dette for å få ei betre forståing av kva konsernet bør og skal ta for oss som viktige tema i vidare berekraftsarbeid.





Berekraftsmål

Ervik Group har som mål å kombinere sunn forretningsdrift med eit tydeleg ansvar for samfunnet, det ytre miljøet og forvaltning av ressursar. I vår verdikjede tar vi vare på menneskerettar og rettar i arbeidslivet, samt å verne miljø, havressursar og lokalsamfunn.

Våre berekraftsmål og vårt ansvar – Nature is our buisness

Havet er sjølve fundamentet i verksemda vår, og det er difor sær s viktig at vi bidreg til å halde havområda sunne og reine for å kunne drive berekraftig hausting for kommande generasjonar. Hausten 2015 vedtok Dei sameinte nasjonane (FN) 17 ulike berekraftsmål for heile verda. Dei fleste av desse måla, direkte eller indirekte, handlar om helse, landbruk og fiskeri, matproduksjon og klima. Innanfor desse hovudmåla finst det fleire spesifikke delmål som ein må sette seg inn i for å vurdere kva som er viktig for verksemda. Ervik-konsernet har valt ut fem av FNs berekraftsmål som er relevante for vår verksemd og som utgjer sjølve kjerna i berekraftsstrategien vår. I eit stadig veksande konsern er det sannsynleg at fleire mål vil bli tilført i framtida.

Vi har som mål å redusere utsleppa frå flåten vår og annan verksemd på land, og vi ønskjer å vere leiande i bruk av ny teknologi som fremjar meir miljøvenleg drift. Vi erkjenner at konsernet har eit ansvar for å redusere klimaavtrykket i tråd med FNs berekraftsmål. Difor er vi stolte over at fleire av aktivitetane våre bidreg positivt til å oppnå desse måla. Likevel er det viktig å erkjenne at ein aktivitet som har positiv verknad på eitt berekraftsmål, kan ha negativ innverknad på eit anna. Ein del av berekraftsarbeidet vårt er difor å kontinuerleg vurdere risikoar og moglegheiter opp mot kvarandre, slik at vi kan ta riktige avgjerder dersom slike konflikhtar oppstår.

FN'S BÆREKRAFTSMÅL



2 Utrydde sult

Utrydde sult, oppnå matsikkerhet og bedre ernæring, og fremme bærekraftig landbruk



8 Anstendig arbeid & økonomisk vekst

Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle



12 Ansvarlig forbruk og produksjon

Sikre bærekraftig forbruks- og produksjonsmønstre



13 Stoppe klimaendringene

Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem. Målet er å begrense den globale temperaturstigningen til godt under 2 grader celsius.




14 Livet i havet

Bevare og bruke havet og de marine ressursene på en måte som fremmer bærekraftig utvikling

FNs berekraftsmål 2 – Utrydde svolt

Dette målet handlar om at alle menneske skal ha tilgang på næringsrik og berekraftig mat heile året. For å oppå dette må ein blant anna sørge for at maten vert produsert berekraftig og at ressursane ein haustar av vert nytta på best mogleg måte. Som råstoffleverandør av kvitfisk bidrar Ervik Group til eit helsefremmande og berekraftig kosthald til verdens befolkning. Eit berekraftig kosthald er todelt: Ein skal ete råvarer som har alle næringsstoffa vi treng. Kvitfisk er ikkje berre ei god proteinkjelde, men inneheld også essensielle aminosyrer og fleire næringsstoff som kan ha positiv helseeffekt, som til dømes jod og selen. Jod er spesielt viktig for fosterutviklinga, og difor viktig i kosthaldet til gravide. Også små born treng jod, som bidreg til hormonproduksjon knytt til vekst og utvikling. Vidare er jod med på å regulere og kontrollere stoffskiftet, altså energiomsetnaden i kroppen. Selen kan bidra til å motvirke skadelege kjemiske prosessar, og bidreg med dette til å redusere risikoen for enkelte sjukdomar. Kvitfisk, særleg lever, er rik på omega 3-fettsyrer og vitamin D, samt B12 i fileten. I tillegg har kvitfiskfilet eit lågare innhald av tungmetall og miljøgifter som kvikksølv, kadmium, polyklorerte bifenyler (PCB) og dioksinar samanlikna med fileten av feit fisk. Kosthaldsråda oppmodar til å ete fisk regelmessig.

Det andre aspektet av eit berekraftig kosthald er at vi skal velje råvarer og ressursar som ikkje øydeleggar miljøet vårt, verken i dag eller i framtida. Kvitfisk frå linefangst er gunstig frå eit miljøperspektiv med ein relativt berekraftig produksjon. Linefangst vert handtert i mindre kvanta samtidig, noko som sørger for hurtig prosessering med god kvalitet og lite svinn som resultat. Vidare er vår fangst Marine Stewardship Council (MSC)-sertifisert, altså fiska frå berekraftige bestandar. I tillegg er linefiske eit skånsamt fiskeri med liten påverknad på havbotnen og mogleggjer eit artsspesifikt fiske, noko som bidrar til å beskytte og oppretthalde biologisk mangfald og marine økosystem. Alle Ervik-produkt er sporbare tilbake til fartøy, fangstperiode og område. Ervik-konsernet er stolte over å vere ein bidragsytar til å nå berekraftsmål 2, og av å fremme eit berekraftig kosthald i tråd med FNs retningslinjer.




FNs berekraftsmål 8 – Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Å vere ein bidragsytar til å skape samfunnsutvikling på fleire arenaer er noko heile konsernet set høgt. Konsernet utviklar lokalsamfunn gjennom å investere og skape lønnsame arbeidsplassar og består i dag av over 30 ulike selskap i fleire bransjar. Mange av desse selskapa sysselset lærlingar for å sikre framtidig faglært arbeidskraft og for å sikre at ungdom kan busette seg i distrikta. Det var 30 lærlingar fordelt i ulike dotterselskap ved utgangen av 2023.

Konsernet eig og driv både nærbutikk og hotell i nærleiken av hovudkontoret på Stadlandet. Vestkapp handel er tilknytt Joker og NorgesGruppen, og fungerer både som nærbutikk for ytre Stadlandet og som proviantleverandør til fiskeflåten. Stad Hotell ligg ved sjøkanten i sentrum av Stadlandet og var ei satsing konsernet ønska å gjennomføre med tanke på lokale interesser og behov. Hotellet har bidratt til samfunnsutvikling i form av eit godt lokalt tilbod, fleire arbeidsplassar og auka lokal turisme, noko som bidreg til verdiskaping hjå eksterne lokale verksemder.

Anstendig arbeid for alle er enda eit viktig fokusområde for Ervik-konsernet. Det skal vere trygt å jobbe både på land og på havet. Vi har gode prosedyrar for å ivareta helse, miljø og sikkerheit i alle våre verksemder, og vi har fokus på rettferdig handsaming av alle tilsette. Det er høg deltaking kvinnelege fiskarar i Ervik-reiarlaga, i eit elles mannsdominert yrke. Ved utforming og utrusting av fartøy har Ervik-konsernet fokus på ny teknologi som ivareteke tryggleiken til mannskapet.




FNs berekraftsmål 12 – Forsvarleg forbruk og produksjon

Eit berekraftig forbruk og ein berekraftig produksjon handlar om å maksimere utnytting av ressursar. I dag overstig forbruket berekraftsevna til kloden. For å sikre gode levevilkår til framtidige generasjonar må vi minske ressursbruken, klimautslepp og miljøødeleggingar, både som samfunn og som enkeltpersonar. På denne måten vil ein kunne redusere klimaendringar samtidig som ein aukar livskvalitet og sikrar framtidig økonomisk vekst.

Om bord fartøya og i resten av verdikjeda er vi opptatt av at ressursane vi haustar skal vere av så høg kvalitet som mogleg fram til sluttbrukar. Vidare er det naudsynt å heve graden av utnytting av restråstoff frå produksjonen om bord. Gjennom fornying av fartøya har det vore mogleg å ta vare på større delar av fangsten. Saman med ny kunnskap, god logistikk og effektiv vidare prosessering fører dette til mindre svinn av fangsta råvarer. På fartøya er det også strenge reglar og prosedyrar for handtering og ilandføring av alt avfall, der spillolje, kjemikaliar, anna miljøfarleg avfall og liknande vert levert til godkjende mottak.

Dotterselskapet Westmek er ein intern verkstad med ein langsiktig strategi for berekraft og som har innført mange miljøskånande tiltak. I produksjonen nyttast miljøvenlege stroppar og papp, minimalt med plast, og esker og kartongar vert gjenbrukt frå mottatte varer. I tillegg er innkjøp av nye pallar minimale då mesteparten vert gjenbrukt frå tidlegare leveransar. Når det gjeld transport har Westmek som mål å hovudsakleg nytte eit spesifikt transportfirma. Dette gjer at ein får eit godt og forutsigbart forhold med gode avtalar, noko som er gunstig for kostnader, presisjon og miljø. Vidare forenklar det målet om å nytte samkøyring av varer der det er mogleg, slik at ein unngår unødige køyring og klimagassutslepp.



FNs berekraftsmål 13 – Stoppe klimaendringane

Som ein del av vårt berekraftsarbeid arbeider vi med å redusere utslepp i alle deler av vår verdikjede og i alle verksemder vi er involvert i. Difor følgjer vi tett med på utvikling av nye energikjelder til flåten vår. Ny teknologi og kontinuerleg vedlikehald reduserer CO₂-utslepp frå flåten.


Meir bruk av restråstoffet gjev også eit større produktvolum med likt utslepp av klimagassar. I administrasjon minskar utsleppet ved å ta i bruk digitale løysingar i arbeidet. Vi har også prosjekt retta mot å minimere utslepp frå fartøy når dei ligg til land for lossing og vedlikehald.



FNs berekraftsmål 14 – Livet i havet

Berekraftig havforvaltning handlar om å ta vare på økosystema og ressursane vi får frå dei slik at framtidens generasjonar kan hauste frå dei i like stor grad som i dag. Ein av grunnpilarane til Ervik Group er å drive berekraftig fiskeri frå berekraftige bestandar. Linefiske i seg sjølv er ein skånsam fiskerimetode med minimal påverknad på havbotnen og gjev lågare klimagassutslepp enn andre fiskeri då ein i liten grad bruker motorkraft på å slepe bruk etter fartøya. Linefiske er også eit selektiv fiske retta mot målart som torsk og hyse med lite uønskt bifangst. I tillegg er det eksempelvis låg førekomst av gyteklare individ på line, noko som bidrar til å sikre reproduksjonsevna til bestandane. Eit målretta fiske mot dei kommersielle artane er viktig for oss. Difor er Ervik-konsernet involvert i prosjekt knytt til utvikling av alternativt og artspesifikt agn. Det er også innført tiltak for å unngå å få fugl på lina. Ved å feste eit tau med ei punktert blåse i enden som blir liggjande på havoverflata, hindrast innflygingsbana til fugl slik at dei ikkje kjem fram til agnet og sett seg fast i bruket. Vidare er det låg risiko for «spøkjelsefiske» ved bruk av line, altså at fiskereiskap blir liggjande igjen på botnen og fiske i lang tid.

Vi arbeider kontinuerleg med å effektivisere og fornye fiskeflåten vår. Effektivisering av sjølve fiskeriet ved hjelp av læring av historiske data og samarbeid vil kunne redusere dei totale utsleppa frå flåten. Fornyng av fartøy har som tidlegare nemnt gjort det mogleg å ta vare på meir av fangsten. Dette mogleggjer større grad av utnytting også av restråstoffet, noko som er fordelaktig i eit miljøperspektiv. Slikt arbeid gjer reiarlaga i tett samarbeid med EMR og eksterne forskingsmiljø.



Klima og miljø


Ervik Group er dedikert til å minimere miljøpåverknaden og ivareta berekraft i si verksemd. Vi jobbar aktivt med å redusere klimagassutslepp og har fokus på berekraftig avfallshandtering i alle ledd. Difor er vi blant anna deltakar i Fishing for Litter- programmet for å redusere marin forsøpling. Vidare er vi engasjerte i innovative prosjekt og løysingar for eit meir miljøvenleg agn til flåten. Som eit MSC- og HACCP-sertifisert selskap er vi opptatt av mattryggleik og sporbarheit i vår verdikjede.

Med sterkt fokus på framtida og innovasjon strekk forpliktinga vår til miljøvern og berekraftig praksis seg frå ressursforvaltning til det å sikre gode arbeidsforhold.




Omsorg for naturressursane

Havet er heile fundamentet for vår verksemd. Det er havet vi lev av, og difor er vi opptekne av å gjere det vi kan for å bevare havområda og bidra til ei berekraftig forvaltning av fiskeriene. Vi har også fokus på vår påverknad på land og det skal ikkje førekomme noko form for rovdrift verken på marine- eller landressursar i vår verksemd. Ei god og heilskapleg forvaltning av naturressursane er sjølv grunnlaget for blant anna betre matsikkerheit og fleire arbeidsplassar. Med det meina vi at dei marine ressursane ikkje skal ta skade av vår verksemd, og at lokalmiljøet ikkje skal påverkast av forureining frå vår produksjon på land. I Ervik Group skal difor lokale, regionale, nasjonale og globale miljøaspekt ivaretakast på best mogleg måte og vi set vi fokus på at dyreetiske omsyn skal vere på plass i heile vår verdikjede



Innovasjon og framtid

Marin Teknikk AS og Ervik Group har i samarbeid utvikla eit nytt innovativt kombinert fiskefartøy for reketrålning og snøkrabbefiske, Frøyanes. Måten Frøyanes er konstruert vil gje ei meir skånsam fangsting og ein tryggare arbeidsplass for fiskarane. Teinene vert dradd opp gjennom ein dragarbrønn midt i skroget, noko som gjer at både krabben og mannskap er verna for ver og vind. På denne måten vil det nye fartøyet kunne bidra til betre kvalitet på produkta då krabben unngår unødig stress grunna mindre fysisk påkjenning. Vidare vil denne løysinga auke effektiviteten i fiskeriet då fartøyet er mindre sårbart for varierende is-, sjø- og verforhald. Frøyanes vil vere utrusta med tilpassa og nyutvikla utstyr, blant anna optimalisert konvensjonell/diesel el. framdrift, fokus på varmegjenvinning og ikkje minst nye vinsje- og hale-løysingar for krabbefiske. Om bord vert det også, som tidlegare nemnt, eit laboratorium utstyrt for forskning på både målart og andre marine artar.



Innovasjon og framtid

I 2023 fekk administrerande direktør i Ervik Group, Robert Ervik, auge opp for eit nytt hjelpemiddel for flåten, nemleg hologrambiller, eller AR-briller som står for Augmentet reality. AR inneheld tre funksjonar – ein kombinasjon av digital og verkeleg verd, samhandling som gjerast i sanntid og nøyaktig 3D-identifisering av virtuelle og verkelege objekt.

Når ein fiskebåt er ute på feltet kan det skje mange u-forutsette ting og det kan dukke opp utfordringar det kan vere vanskeleg å løyse langt frå land. For flåten i Barentshavet er det gjerne eit par dagar med steaming før ein kjem til land. For flåten Ervik Havfiske Holding er involvert i Sørishavet kan det vere opp imot og over ei veke før ein når land. Ved å ta i bruk hologrambriller om bord kan ein raskare få hjelp og gjerne løyse problem der ein er. Dette kan anten vere ein maskinist som treng assistanse frå fagpersonell, eller om nokon skulle ha behov for bistand frå helsepersonell ved småskadar.

Våren 2023 vart det fyrste paret med Microsoft sine HoloLens kjøpt inn og testa, først på land og deretter i fartøyet Vestkapp. Både skipper, maskinist og fleire andre om bord fekk testa og kommunisert med personell på land med godt utbytte. Ervik har med dette trua på at slike briller kan verte eit godt hjelpemiddel framover og det er planlagt testing når det nye fartøyet Frøyanes skal ut å fiske i 2024.



Utslepp av klimagassar

Generelt gir fangst og produksjon av fisk og sjømat låge CO₂-utslepp samanlikna med produksjon av kjøtt frå landdyr. På tross av dette er det likevel eit forbettringspotensial når det gjeld reduksjon av klimagassutslepp i flåten. Nitrogenoksidar (NO_x) er ei blanding av gassar som inneheld ulike kjemiske bindingar mellom nitrogen og oksygen. Desse gassane vert skilt ut ved forbrenning av drivstoff som olje, gass og diesel, og bidrar til luftforureining. Det blei innført avgift på utslepp av NO_x i 2007 med formål om å bidra til kostnadseffektive reduksjonar i utslepp av slike avgassar. Det er mellom anna avgift på utslepp av NO_x frå større skipsmotorar, og avgiftsplikta avhenger av kvar fartøyet ferdast. For norskregistrerte fartøy omfattar avgifta også utslepp i nære farvatn Ervik Group har i 2023 tre fartøy, Vestliner, Frøyanes Junior og Vestkapp, som er omfatta av NO_x-avgifta. Vidare vert det i dag brukt gassolje og frysemedium i flåten si drift. I Ervik Group vel vi gassoljen som gir minst mogleg forureining, og det er lagt stor vekt på det generelle vedlikehaldet av maskineriet i fartøya for å redusere utslepp.

Dersom vi skal lukkast med eit grønt skifte i fiskeflåten, må vi ha evne og vilje til å fornye oss når det kjem til meir klimavenlege energibærarar. I det korte tidsperspektivet fram til 2030 vil det gjerne vere få reelle alternativ til fossilt drivstoff eller biodrivstoff som energibærarar i fiskeflåten, men i eit lengre tidsperspektiv kan derimot nullutsleppalternativ bli aktuelle. Som eit framoverlent konsern vil vi følgje tett med på utviklinga og engasjere oss innan dette området for å redusere utslepp frå våre fartøy ytterlegare



Miljø- og andre sertifiseringar

For å bevisstgjere forbrukar og for dokumentasjon på at eit produkt tilfredsstiller gitte kriteria er det mange forskjellige merkeordningar. For Ervik Group er miljø- og opphavmerking viktig då dette gir forbrukar ein garanti på at fisken er hausta frå berekraftige bestandar og i tråd med berekraftsstrategiar, samt at produkta har sitt opphav frå Noreg.

Ervik Group var ei av dei fyrste bedriftene i verda til å få MSC-sertifisert fiske etter torsk og hyse i Nordaust – Atlanteren. MSC er det leiande miljømerke i verda og standarden med breiast oppslutning rundt fiske etter ville artar. MSC-sertifiserte fiskeri ivareteke ikkje berre miljøet, det bidreg også til globale mål om å stoppe svolt og sikre berekraftig økonomisk vekst då det er avgjerande å oppretthalde eller gjenoppbygge fiskebestandane for å sikre langsiktig tilgjengelegheit av mat. At fiske etter torsk og hyse vart MSC-sertifisert reknast som ei historisk hending av organisasjonen og i seinare tid har også fiske etter tannfisk i Sørishavet fått denne sertifiseringa.

I tillegg er produkta våre sertifisert av Debio og KRAV, høvesvis den norske og svenske godkjenninga for økologisk produksjon som også omhandlar at ein etterlever strenge miljøkrav innafor fiskeri. Vidare er Ervik Group også HACCP sertifisert. HACCP står for Hazard Analysis Critical Control Point og er eit internasjonalt anerkjend system for fareanalyse og risikovurdering innanfor næringsmiddelindustrien. Systemet og sertifiseringa har som mål å kartlegge risikoar for mattryggleik og sikre at desse er kjent, forebyggt, eliminert eller redusert til akseptable nivå.



Avfallshandtering


Det å handtere avfall er ein viktig del av drifta i Ervik Group, både til havs og til lands. Målet er at verken det marine miljø eller lokalmiljøet skal ta skade av vår verksemd. I heile vår verdikjede vert difor alt avfall, og då spesielt kjemikaliar og andre skadelege stoff, handtert på ein forsvarleg måte. Gode og innarbeida rutinar for avfallshandtering er spesielt viktig for flåten og for dotterselskap som driv produksjon og forsyning på land. Ved ilandføring av avfall frå fartøy og avfall frå ledd på land vert alt avfall sendt vidare med godkjente distributørar til mottak for resirkulering/destruksjon. Eksempelvis sortera Westmek rustfritt stål for seg sjølv, svart stål/aluminium i eigen container og olje og oljeholdig vatn vert samla opp og levert til gjenvinning.

Om bord er det skipper som har hovudansvar for avfallshandteringa og har i oppgåve å halde seg oppdatert på relevante lokale og nasjonale avfallshandteringsforskrifter. Dette skal reviderast ein gong i året ved den interne revisjonen som administrerande selskap utførar. Vidare har skipper ansvar for at alle mannskapsmedlem set seg inn i og dermed er ansvarlege for å sortere og kaste avfall riktig og ut ifrå gitt plan. Om bord i våre fartøy vert alt avfall loggført, og spillolje, miljøfarleg avfall og anna vert levert til mottak på land etter kvar tur. Nokre av fartøya våre har forbrenningsomn og brenn noko av avfallet om bord for å ta med asken til land.

Dei sju MARPOL-avfallskategoriane som gjeld for vår havgåande flåte er som følgjer:

- 1. Plast
- 2. Matavfall
- 3. Restavfall
- 4. Avfall frå forbrenningsomn
- 5. Driftsavfall
- 6. Fiskeutstyr
- 7. Elektronisk avfall


Avfall (kg) produsert ombord i fartøy 2022 og 2023



Fishing for Litter

Som eit utvida fokus på eigen handtering av avfall knytt til fiskereiskap er Ervik Group stolt deltakar av den marine miljødugnaden Fishing for Litter. Dugnaden går ut på å redusere marin forsøpling ved å involvere nøkkelaktøren, nemleg fiskerincæringa. Ved å ilandføre plast, spøkelsesutstyr og anna som vert fanga i garn og andre utstyrstypar under vanlig fiskeaktivitet bidreg næringa til å redusere omfanget av marin forsøpling. Fangsten samlast i sekkar som lossast når fartøya kjem til mottakshamner som vidare organiserer handtering og transport til gjenvinningsstasjonar. I tillegg til å redusere marin forsøpling bidrar Fishing for Litter til å skape bevisstheit rundt temaet og bidreg til ei haldningsendring i fiskerisektoren.

Dugnaden er anerkjent av store internasjonale organ, inkludert Europakommisjonen, FNs Miljøprogram for middelhavshandlingsplanen og OSPARs havkonvensjon (Convention for the Protection of the Marine Environment of the North-East Atlantic). I Noreg vert Fishing for Litter etablert som ei nasjonal prøveordning i 2016–2017. Prosjektet talte i utgangspunktet 20 fartøy i tre deltakande mottakshamner. I dag omfattar ordninga 11 deltakande mottakshamner langs norskekysten og eit hundretals påmeldte fartøy. Ordninga er finansiert av Miljødirektoratet og administrerast av SALT Lofoten AS i samarbeid med Nofir og lokale hamner og renovasjonsselskap.




Mattryggleik og sporing

Hele konsernet jobbar aktivt for at sluttforbrukarane av vårt råstoff skal kunne vere sikker på at maten dei et er trygg. Alle våre fartøy har eigne prosedyrar for korleis råstoffet skal behandlast frå det kjem om bord til det vert ilandført. Med dette meiner vi at vi høva oss til alle gjeldande forskrifter, og er nøye når det kjem til hurtig nedkjøling om bord, i tillegg til dobbel emballasje og jamlege kvalitetskontrollar. For å bevare frysekjeda er det temperaturkontrollar gjennom heile turen. Ved land lossast fisken direkte inn i fryselager som også har strenge reglar og prosedyrar for temperaturkontroll.

Ervik Group er som tidlegare nemnt HACCP-sertifisert og alle internkontrollar i drifta er basert på prinsipp utifrå denne. Internkontroll er ei samling av rutinar som verksemda må ha for å kunne etterleve regelverket og sikre at produkta som vert produsert er trygge å ete. Alle næringsmiddelbedrifter er i følgje regelverket pliktige å ha slike kontrollar. Reinhold, personleg hygiene og temperaturkontrollar på frys er blant dei viktige forutsetningane i vår drift.

I Ervik Group er sporbarheit i heile verdikjeda særst viktig og noko vi har på alle våre produkt slik at forbrukaren kan følgje med heilt tilbake til sjølve fiskeriet. Vi ynskjer at dei som kjøp fisk frå vårt konsern skal ha full oversikt over heile verdikjeda og på denne måten føle seg trygge på maten dei et. Dagens forbrukarar er og blir meir og meir bevisste på opphavet til maten og verkar også å vere opptatt av god dyrevelferd. Dette ser vi i Ervik Group på som ei særst positiv trend som skapar bevisstgjerung rundt temaet, noko vi er opptatt av å fremme i vår verksemd.




Fiskevelferd

Grunnlaget for fiskeriene er rike og robuste økosystem. I eit økosystem-perspektiv mogleggjer linefangst ei større grad av arts- og storleiksspesifikt fiske. Agnet tiltrekk seg visse artar i større grad enn andre, og det arbeidast i dag med å lage agn som berre tiltrekker seg heilt bestemte artar. Storleiken på agnet, samt linekorkens design gjer det vanskeleg for ung småfisk å bite på.

Som Europas største fiskerinasjon ligg det eit stort ansvar for å auke velferda til biomassen som blir henta opp av norske farvatn kvart år. I følge dyrevelferdslova skal ikkje dyr lide unødig, men per i dag er det lite kunnskap om korleis fisken har det i fangstprosessen, og potensialet for å redusere liding på dette området er difor enorm. Velferdsproblematikken er todelt – stress og liding i sjølve fiskereiskapen og etter fisken er tatt om bord. Fangstsituasjonen i seg sjølv vil påvirke stress, og i vidare forstand også kvaliteten på fisken. Samanlikna med andre fangstmetoda eliminera linefangst skader og stress knytt til klemskadar og trengsel då færre individ handterast samtidig både under sjølve fisket og slakt. Vidare skjer avlivinga av linefanga fisk kontinuerleg etter ombordtaking, noko som fjerna stress og liding grunna kveling. I tillegg bidrar dette til ei betre utbløding som gir høgare kvalitet på produktet.

EMR saman med NMBU, Noregs Miljø og Biovitenskapelege Universitet, fekk i 2022 tildelt midlar frå Dyrevernalliansen til prosjektet VELFISK. Prosjektet tar sikte på å auke forståinga av villfiskens velferd med prosjektvarigheit frå 2022–2024. I eit dyrevelferdsperspektiv er det viktig å forstå verkingane av fiskeriaktivitetar. Prosjektet skal difor kvantifisere nevrobiologiske, fysiologiske og åferdsreaksjonar hjå villfanga torsk ved bruk av ulike fiskemetodar.

Både EMR og Ervik Group er medlem av Catch Welfare Platform (CWP). Dette er ein industri- og forskingsdrevet plattform laga for å skape pragmatiske løysingar for å forbetre fiskevelferd knytt til fangst. CWP består av eit globalt nettverk av tverrfaglege team som har som mål å framskande overgangen til praksisar og teknologiar i verdas fiskeri som forbetrar fangstens velferd, inkludert slakting etter fangst.



Ein trygg og god arbeidsplass

Ervik Group skal legge til rette for at alle dotterselskap skal vere gode og profesjonelle arbeidsplassar der det leggst vekt på likeverd og gjensidig respekt blant medarbeidarar. Vidare er det høgt fokus på skape trygge arbeidsplassar til alle, inkludert ungdom. Som ein del av dette har alle tilsette i Ervik Group rett til å vere medlem i fagorganisasjonar.

Alle formar for diskriminering, irekna lønnsdiskriminering og seksuell trakassering, diskriminering på bakgrunn av nasjonalitet, etnisitet, seksuell legning, religion, livssyn eller anna skal ikkje førekome. Det skal heller ikkje førekome noko form for brot på grunnleggjande menneskerettigheiter, medrekna tvangsarbeid, slavearbeid eller barnearbeid, og alle skal ha anstendige arbeidsforhold.


Ervik Group sine reglar for tilsette skal til ei kvar tid vere i samsvar til ILO-konvensjonen og FNs barnekonvensjon. Konsernet er omfatta av Åpenheitslova som tredde i kraft 01.07.22, og vi er difor godt i gang med aktsemdsvurdering av alle våre leverandørkjeder for å kartleggje om det føreligg risiko for brot på menneskerettigheiter eller anstendige arbeidsforhold i kjedene. Dette arbeidet er noko Ervik Group og alle dotterselskap arbeider med kontinuerleg gjennom året. Aktsemdvurderingar skal oppdaterast innan 30.06 kvart år.



Helse, miljø og sikkerheit

I Ervik Group er helse, miljø og sikkerheit (HMS) eit viktig fokusområde. Prinsipp og retningslinjer for sikkerheitsstyring finst tilgjengeleg ved alle einingar og fiskefartøy – og skal følgjast av alle tilsette som jamleg skal ha dokumentert opplæring i HMS. Vidare skal naudsynte tiltak iverksetjast for å forhindre og minimere ulykker og helseskadar som resultat av, eller relatert til forhold på arbeidsplassen, både på land og til sjøs. Tenesteleverandørar som arbeider på vegne av verksemda eller på verksemdas fartøy og områder anmodast om å følgje same reglement som dei tilsette.


I forbindelse med Ervik Group si satsing på snøkrabbe er det eit nytt fartøy under konstruksjon i 2023. Fartøyet **Frøyanes** blir konstruert med stort fokus på mannskapets sikkerheit ved haling av teiner slik at arbeidsforholda vert sikrare og betre i denne delen av fisket.



Krav til leverandører og tilsette

I Ervik-konsernet stiller vi krav til at våre leverandører har god forretningsetikk og at dei etterlev gjeldande lovar, reglar og konvensjonar. Dersom dette ikkje vert overheldt og krav ikkje oppfyllest vert det gjort vurderingar om vi ynskjer å oppretthalde forbining med desse. Vi jobbar kontinuerleg med evaluering av leverandører og alle ledd i vår verdikjede.

Korrupsjon har vi i Ervik-konsernet nulltoleranse for, men dette er eit globalt problem. Difor vert det alltid føretatt vurderingar av samarbeidspartnarar i inn- og utland før Ervik-konsernet inngår avtaler. Ingen tilsette skal direkte eller via mellommenn tilby, betale, invitere til eller mota ytingar som er i strid med norsk lov. Ved tvil i kor vidt noko er uakseptabelt har vi strenge reglar og protokollar på at overordna skal konsulterast.





Vestkapsvegen 1434, 6750 Stadlandet, Norway

www.erikgroup.no